



## Rammer for planarbeidet

### Samandrag

Planarbeidet skal leggje til rette for etablering av [type prosjekt] og samstundes ivareta [verneverdi] og sikre [samfunnsbehov].



## REFERAT OPPSTARTSMØTE – REGULERINGSPLAN

Plannamn: Detaljreguleringsplan for gbnr. 64/122 m.fl. Stedjevegen

<b>Møtestad:</b>	Formannskapetssalen Sogndal kommune, teams	<b>Møtedato:</b>	08.02.2024
<b>Deltakarar frå forslagstillar:</b>		<b>Deltakarar frå kommunen:</b>	
<b>Framleggsstillar:</b>	Dag Loftesnes, Stedjevegen AS Tharald Huus Hansen	Kristine Sande Wilkensen, møteleiar og sakshandsamar plan og forvaltning	
<b>Plankonsulent:</b>	Heidi Kathrin Osland, Arkitektkontoret 4B Eline Eide Bye, Arkitektkontoret 4B	Åsmund Veigel Gaukstad, tenesteleiar plan og forvaltning	
<b>Andre:</b>		Mina Målsnes, Bygg og eigedom  Tage Richard Sundell, tenesteleiar Bygg og eigedom	
<b>Arkivsaknr.:</b>	<b>2023/7369</b>		

### 1 1 FRAMLEGGSTILLAR SITT PLANINITIATIV


Planinitiativ dagsett: 18.12.2023

Bakgrunnen for planinitiativet:

Ynskje om å utvikle fleire eigedomar innanfor områdereguleringsplan for Stedjevegen sør, til forretning med varelevering og parkering, kontor, bustader og leikeområde.

Tal einingar/bruksareal/volum/byggehøgder: Ikkje oppgitt tal einingar, bygg opp til 5-6 etasjer, og utnyttingsgrad opp mot %-BYA = 100 %


Framleggsstillar sitt forslag til planavgrensing:



## STATUS I OMRÅDET


### 1.1 Planar etter plan- og bygningslova

**Kommuneplanen sin arealdel**, vedteken 14.11.2013, området er avsett til bustadføremål og sentrumsføremål.



**Områderegulering** (pbl § 12-2), Områdereguleringsplan Stedjevegen sør, plan-ID 4120-2016002, vedteke 18.02.2021. Aktuelt område er regulert til bustad, kombinerte føremål bustad, forretning og kontor, offentlig tenesteyting, gang-/sykkelveg, gatetun og leikeplass.

**Krav knytt til formål, utnytting, byggjehøgder, rekkjefølgjekrav osv. går fram av [føresegnene](#). Plankonsulent/framleggsstillar må setje seg godt inn i desse.**



Figur 1 utsnitt av gjeldande områdereguleringsplan

### **Kommunen kjenner til følgende planarbeid i området:**

- Arbeid med ny kommuneplanen sin arealdel
- Mindre endring av områdereguleringsplan for Stedjevegen sør under utarbeiding(sak 2023/1157). Norconsult er konsulent, og Einarsen eigedom AS er framleggsstillar. Endringa gjeld bygget som no husar Rema 1000, og som i områdeplanen er felt B/F/K3 og B/F/2.

#### Andre kommunale planar og rapportar

- Sykkelplan for Sogndal sentrum 2013-2023, vedtak KS sak 10/13.
- Hovudplan for trafikktrygging Sogndal kommune 2013-2016.
- Overvassnorm for Sogndal kommune, 2013
- Plan for oppfølging og utbygging av gangvegar/stiar og grøntkorridorar i Sogndal sentrum, 2010
- Kulturminneplan Sogndal kommune, 2013

### 1.2 Regionale planar og føringar

- Regional handelsføresegn for Sogn og Fjordane, 2019
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, 2018-2022

### 1.3 Statlege planretningslinjer og rikspolitiske retningslinjer

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga

### 1.4 Andre vedtak for området

- Ikkje kjende.

### 1.5 Tilhøve til overordna plan

Innhaldet i private detaljreguleringsplanforslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og områderegulering. Ved vesentlege avvik gjeld krava i pbl. §§ 4-1 og 4-2 andre ledd. (jf. pbl. § 12-3)

#### På kva punkt bryt planinitiativet med overordna plan?

Gjeldande områdeplan er detaljert i måten det er delt inn i tydelege felt, med konkrete arealbruksføresmål. Framleggsstillar ynskjer å sjå vidare på løysing med kombinerte føremål i heile planområdet. Vil også sjå nærmare på plassering av formål, høgder og utnytting.

Framleggsstillar ynskjer også å sjå på ei anna løysing for trase for gang- og sykkelveg G/S2.

## 2 PREMISS FOR DET VIDARE PLANARBEIDET

Viktige premiss og føringar for planarbeidet er:

### **1. Føringar i områdeplanen:**

Det er ein relativt ny områdeplan – og konsulent/framleggsstillar *må* setje seg godt inn i føringane som ligg i denne. Utgangspunktet for planlegginga er at føringar og rammer gjeve i områdeplanen gjeld for arbeidet med detaljreguleringsplanar. Dette for å sikre forutsigbar og samanhengande planlegging.

Det er peika på nokre forhold der ein ønsker å utfordre rammene i områdeplan. Dette er i eit så tidleg og lite utgreidd stadiet at planavdelinga ikkje tek konkret stilling til dette på noverande tidspunkt. Dersom det er avvik frå føringane i områdeplanen må det utgreiast, argumenterast for og eventuelt avklarast politisk.

Det må godt grunngjevast kvifor ein utfordrar rammene i områdeplanen. Kvifor er det eventuelt betre å løyse det på denne måten enn å forhalde seg til det som allereie er føringar i gjeldande plan, og korleis vert løysingane om ein forhold seg til rammene i områdeplanen? Dette må dokumenterast både i form av tekst og illustrasjonar.

Områdeplanen er detaljert på den måten at den er delt inn i mindre felt som avgrensar bruken. Planavdelinga oppfatar at ein no ønskjer eit kombinert formål over heile. Det må gjerast greie for konsekvensar som følgje av endringa. Områdeplanen legg til grunn offentleg tenesteyting. Korleis kan ein implementere omsorgsbustader i dette prosjektet på ein god måte, der dei får tilstrekkeleg skjerming og bukvalitetar? Dette må vere ein del av utgreiingane i planen.

Kvalitetar, bukvalitet og uteopphaldsareal må gjerast greie for i planarbeidet. Forbetra kvalitetar kan vere eit relevant argument for å avvike krav i områdeplanen, men må vere dokumentert. Tilhøvet til naboar må utgreiast.

### **2. Løysingar for samferdsle/infrastruktur**

Det vert viktig å finne gode samferdsleløysingar (tilkomst, varelevering, parkering, renovasjon, gang-/sykkelvegar). Då dette vert premissgivande for utforming og omfang av prosjektet, bør det vere ein del av dei innleiande utgreiingane. Det må vurderast fleire alternativ, inkl. kva som allereie ligg i områdeplanen. Planavgrensinga bør som følgje av dette vere romsleg.

#### 2.1 Type plan

Detaljreguleringsplan

#### 2.2 Arealformål

Foreslått kombinert føremål, bustad/forretning/kontor. I hovudsak i samsvar med overordna plan, men områdeplanen har avsett to felt til offentleg tenesteyting. Det må greiast ut om konsekvensane ved å eventuelt gå bort frå dette føremålet. Det må greiast ut korleis omsorgsbustader let seg kombinere med dei andre føremåla, samt omfang.

#### 2.3 Bygnadsstruktur

Bygnadsstruktur må utgreiast som del av planarbeidet. I dette ligg det også at ein må sjå nærmare på gatesnittet mot Stedjevegen, for å få ein god heilskap langs Stedjevegen.

Som utgangspunkt skal parkeringsanlegg ikkje vende mot gata. Fasadar skal i hovudsak vere opne og inviterande fram for å vera lukka.

Generelle føringar:

Reguleringsplanar skal definere rammer for heilskapleg utforming av byrom, grønne samband og trafikklysingar innanfor tilgrensande område. I fortettingsprosjekt skal det takast stilling til heilskapen i bygningsstrukturen.

## 2.4 Arkitektur og estetikk

Må utgreiast i planarbeidet. Fokus på gode kvalitetar, varige og miljøvenlege material. Leggje til rette for gode og attraktive byrom på bakkeplan, som inviterer til opphald.

Generelle føringar:

Nye bygningar, anlegg og landskapstiltak skal utformast slik at eksisterande særpreg og kvalitetar vert ivareteke. Arkitektur og landskapsarkitektur skal verte omtala som eige tema i alle reguleringsplanar.

## 2.5 Byggehøgder

Byggehøgder i samsvar med områdeplanen. For B/F/K5 bør det jf. områdeplanen ikkje byggjast meir enn 3 etasjar mot Stedjevegen, 4 etasjar i sørleg del. Må dokumenterast korleis kvalitetar vert ivareteke, og verknader for naboeigedomar. Byggehøgder skal fastsetjast som maks kotehøgde for gesims/møne.

## 2.6 Grad av utnytting

Ulik utnytting for dei ulike felta i områdeplanen. Framleggsstillar ønsker å sjå på dette samla for alle felta. Grad av utnytting skal som eit utgangspunkt følgjast. Korleis dette eventuelt vil gje betre lysingar må difor dokumenterast. Det må dokumenterast korleis eit prosjekt som forhold seg til områdeplanføresegnene vil vere, samanlikna med eit som fråviker krava.

## 2.7 Uteopphaldsareal

Krav til uteopphaldsareal skal følgje norma i kommuneplanen. Uteopphaldsareal og hovudinngangar skal utformast med særleg omsyn til gode og føremålstenlege lysingar for universell utforming. Når det gjeld å rekne omkringliggjande areal med som uteopphaldsareal må det gjerast ei konkret vurdering knytt til bruksverdi, og kor mange som skal dele på dette arealet. Skråninga opp mot kyrkja vil til dømes vere for bratt for opphald.

## 2.8 Grønstruktur og landskap

Det er rekkjefølgjekrav knytt til gangsti i skråninga bak for felt B3.

Frå planomtalen: Gjennom FR1 er det lagt til rette for etablering av ein aust-vest gåande sti som skal knyte saman gang- og sykkelvegen langs Kyrkjevegen og eksisterande sti frå Kyrkjebakken. Langs stien kan det i den bratte skråninga etablerast terrassar med mogelegheit for å setje seg ned, leikeapparat og/eller dyrkingskassar. Ved å etablere fleire terrassar med ulik karakter kan dette bidra til positive opplevingar langs den noverande mørke og

utilgjengelige skråninga. Stien og terrassane kan også ha direkte tilgjenge frå nye blokker innanfor B3.

Generelle føringar:

Samanhengande grøn og blå infrastruktur skal takast i vare og styrkast, for å ivareta biologisk mangfald, klimatilpassing ved å handtere overvatn og etablere trivelege friluftsområder for lek og rekreasjon.

Det bør vere fokus på å bryte opp tette flater med grøntareal, med omsyn til overvatn og opplevingsverdi.

## 2.9 Naturmangfald

Prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 til 12 skal leggast til grunn som retningslinjer i alle saker. Vurderinga skal gå fram av avgjersla.

### 2.10 Kulturminne, kulturmiljø og landskap

Ikkje kjende kulturminne i området, men må omsynta kyrkja og runesteinen som landemerke.

Generelle føringar:

Kulturminne skal undersøkast og det skal synast korleis utbyggar har søkt å ivareta dette gjennom planframlegg. Kulturminneplan for Sogndal kommune 2013 skal leggast til grunn.

### 2.11 Samferdsle

Vegavdelinga ynskjer at vegen inn til området må byggjast etter krav til gate med fortau. Varelevering og renovasjon må løysast på eige tomt og må ikkje vere i konflikt med mjuke trafikantar. Vegnormal N100 skal leggast til grunn og det må sikrast gode tilhøve for mjuke trafikantar.

Avkøyrslø må avklarast tidleg i prosessen med SVV. Bør setjast i gong dialog her tidleg etter oppstart av planarbeidet, då dette vert avgjerande. Vurdere om ein bør ha med eit større areal i planavgrensing for alternativsvurdering.

Ivaretaking av g/s-veg gjennom området vert viktig. Denne skal i samsvar med områdeplanen vere universelt utforma. Den skal også vinterdriftast, noko som set krav til dimensjonering som kan gjere det utfordrande å etablere den på t.d. ramper. Det er heller ikkje ønskeleg at den vert overbygd eller at den kjem i konflikt med varelevering. G/s-vegen er ein viktig tverrforbindelse som bind saman Kyrkjebakken/Stedjeplatnen med sørleg del av Stedje. Det ligg også godt til rette for universell utforming i dag, då den går gjennom eit tilnærma flatt område.

Ønskeleg med gatetverrsnitt, som syner tilhøvet til Stedjevegen. Vurdere å setje av areal til trerekke/beplanting.

Kan verte aktuelt å flytte trafo.

## 2.12 Parkering

I samsvar med parkeringsnorma til kommunen. Det må vurderast parkering under bakken, og dokumenterast kvifor dette eventuelt ikkje let seg gjera. Ikkje ønskjeleg med synleg parkeringkjellar. Døme på løysing kan vere integrering i bygningskropp, terreng og fasade. Trafikksikker tilkomst til parkering som ikkje er i konflikt med viktige ferdselsårer for mjuke trafikantar.

## 2.13 Universell utforming

Universell utforming skal leggast til grunn for planarbeidet, jf. krav i områdeplanen. G/S-veg gjennom området skal vere universelt utforma

## 2.14 Nærmiljø og folkehelse

Planarbeidet må tilføre kvalitetar i området og byggje opp under måla i samfunnsplanen.

Uttale frå miljøretta helsevern:

Miljøretta helsevern har lest gjennom planen, men har ikkje hatt tid å gå grundig gjennom det til fristen. Vi vil om nødvendig gje fleire kommentarar/innspele seinare i prosessen. Men vi vil no påpeike at det er svært viktig at det blir planlagt med best mogleg solforhold, attraktive uteområde, tilgjenge for alle uansett funksjon. Og at ikkje profitt og ønske om størst mogleg fortetting går på bekostning av butilhøva.

Planen legg opp til ei stor fortetting i området og vi ber difor om at det blir gjort tiltak som gir noko ekstra til området i form av fine uteområde og at det blir høgt fokus på gode helsefremjande bumiljø, som gjer det enkelt for bebuarane å være sosiale, ha fine møteplassar, og fremje fysisk aktivitet uansett alder.

Flott dersom ein klarar å utnytte skråninga opp mot Stedjevegen til fysisk aktivitet, leik, park, utsikt etc, samt gangveg til Stedje og enklare tilgang til Stedjeåsen og turområda der, blant anna dagsturhytta.

## 2.15 Risiko og sårbarheit

Det må utarbeidast analyse som viser alle tilhøve av risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. Det skal takast omsyn til framtidige klimaendringar.

Støy, trafikk, ras, overvatn er aktuelle tema.

Det må gjerast ei vurdering opp mot NVE sin rettleiar for kvikkleire.

## 2.16 Vatn, avlaup og overvasshandtering

**Vatn:**

Området har to potensielle tilknytingspunkt, ein Ø110 og ein Ø160, vist på teikning under. Prosjektet må truleg belage seg på å kople seg på begge gjennom ringforsyning for å få



tilstrekkeleg vatn til handtering av brann. Skissert med turkis strek under. Naudsynt brannvasskapasitet må me kome tilbake til når plan for bygningar er meir detaljert.

### Spillvatn:


Området er tilknytt ein Ø200-leidning som truleg har kapasitet for prosjektet. Tilstand og plassering må undersøkast.

### Overvatn:

Sogndal kommune handterer overvatn i trestegsmodellen:

1. Normalnedbør - gjentaksintervall på 10 år, skal handterast på eiga tomt
2. Middels kraftig regn - Gjentaksintervall på 20 år, skal drygast utan å påverke omliggande områder
3. Ekstrem nedbør - Gjentaksintervall på 100år + 40% klimapåslag. Antek at røyrnetter er overbelasta, planen skal vise flaumvegar, dvs kvar går vatnet fram til resipient i slike tilfeller.

I området er det ein Ø300 overvassleidning med ukjent kapasitet. Denne er av eldre årgang og kan ikkje reknast med, med mindre ein legg ny fram til resipient (fjorden)



Alle framlegg til reguleringsplanar skal vise korleis handtering av vatn, avlaup og overvatn skal løysast, jf. Arealdel til kommuneplan punkt 1-7 f).

### VA plan

VA-planen skal gjere greie for løysing av vassforsyning, avlaup og slokkevatn. VA-planen skal vere eit styringsreiskap for detaljprosjektering av framtidig utbygging. VA-planen skal leverast saman med planframlegg til 1. handsaming. Vedlagd notatet ligg kart over kommunale VA-leidningar i området, og kapasitet på kommunale VA-leidningar og brannvassuttak i området.

### Overvassplan

Sogndal kommune sin overvassnorm (2013) skal leggest til grunn. Det skal takast omsyn til framtidige klimaendringar. Overvassplan skal vere godkjend av eining for teknisk drift før den vert levert saman med planframlegget til 1. handsaming.

## 2.17 Energiløysingar

Må vurderast og gjerast greie for i planarbeidet.

I byggjeområde utanfor konsesjonsområde for fjernvarme og prosjekt som ikkje er tilknytt fjernvarme skal anna energikjelde for oppvarming enn elektrisitet vurderast. Det skal og spesielt takast omsyn til energibruk ved lokalisering og utforming av byggjeområdet, og til bruk av alternative fornybare energikjelder.

## 2.18 Renovasjon

Det skal gå fram av planframlegg til 1. handsaming korleis oppsamling og tøyning av avfall er tenkt løyst, i tråd med retningslinjer frå renovasjonsleverandør (SIMAS). Framlegg til plassering og køyremønster for renovasjonsbil skal visast på illustrasjonsplan.

# 3 UTGREIINGAR

## 3.1 Rapportar

Tema	Ansvarleg
Støyrapport	Må vurderast av konsulent i samband med ROS
Skredfarerapport	Må vurderast av konsulent i samband med ROS
Flaumfarerapport	Må vurderast av konsulent i samband med ROS
Naturmangfaldrapport	Ikkje aktuelt dersom det ikkje er spesielle registreringar/funn
Trafikkanalyse	Kan vere aktuelt ved omleggingar/kapasitetsutfordringar på samferdsleanlegg
Kulturminneundersøking (avklaring fylkeskommunen)	Ikkje vurdert aktuelt på noverande tidspunkt. Kulturavdelinga i VLFK avklarar behov ved oppstart av planarbeid.
Handelsanalyse	Ikkje vurdert aktuelt på noverande tidspunkt.

### 3.2 Konsekvensutgreiing

Planavdelinga støttar seg til vurderingane som går fram av plankonsulent si innleiande vurdering. Planframlegget er ikkje vurdert å kome under krav om handsaming etter forskrift om konsekvensutgreiing.

## 4 REGULERINGSFØRESEGN

### 4.1 Rekkefølgekrev

Leikeplass, infrastruktur, gangsti i friområde

### 4.2 Utbyggingsavtale

Utbyggingsavtale er føresett inngått før igangsetjingsløyve vert gjeve, der utbygging i høve vedteken plan med tilhøyrande føresegnar også føresett bygging av offentlege anlegg og/eller tilpassing til slike anlegg.

## 5 KART OG PLANAVGRENSING

### 5.1 Planavgrensing

Planavgrensing bør vere endeleg avklart før oppstart av planarbeid vert kunngjort og varsla. Som diskutert i oppstartsmøte må planavgrensing ha nok areal til å vurdere fleire alternativ for tilkomst, plassering av gang-/sykkelveg dersom det vert aktuelt å leggje den om. Planavgrensinga må også ha nok areal til frisktsoner Forslagsstillar utarbeider forslag til plangrense og sender den over til kommunen for vurdering, før det vert sendt oppstartsvarsel.

Planen vil heilt/delvis erstatte/endre følgjande planar:

- Områdeplan for Stedjevegen sør

### 5.2 Plannamn

Følgjande plannamn skal brukast på alle plandokument:  
Detaljreguleringsplan for gbnr. 64/122 m.fl. Stedjevegen.

### 5.3 PlanID


Vert tildelt etter melding om oppstart av planarbeid.

### 5.4 Kartgrunnlag

Bestilling av basiskart må gjerast gjennom kartbutikken Infoland eller tilsvarande leverandør. Ved innsending av planframlegg til 1. handsaming skal ikkje basiskart vere eldre enn 6 mnd.

### 5.5 Eigedomstilhøve

Fleire usikre eigedomsgrenser som må avklarast. Eventuell justering av eigedomsgrenser bør skje i løpet av planprosessen og gå fram av framlegg til plankart. Avdeling for oppmåling kan bidra med rettleiing i dette arbeidet.



## 6 MEDVERKNAD

Framleggsstillar skal legge til rette for aktiv medverknad. Aktuelle tiltak utover lova sitt minstekrav skal vurderast fortløpande. All medverknad skal dokumenterast.

## 7 KONKLUSJON

### Oppstart av reguleringsplanarbeid vert tilrådd

Partane er einig om følgjande viktige føringar for planarbeidet:

- Planarbeidet skal følgje opp rammene i områdeplanen. Eventuelle avvik frå områdeplanen må utgreiast og argumenterast for. Større avvik må vurderast framlagt for politisk handsaming.

Partane er ikkje einig om følgjande:

## 8 FRAMDRIFT OG VIDARE SAKSGANG

### 8.1 Kunngjering og varsel om oppstart av planarbeid

Planavgrensinga bør vere endeleg avklart før oppstart av planarbeid vert kunngjort og varsla.

Referat frå oppstartsmøtet skal leggjast på kommunen, og eventuelt plankonsulenten sin nettside saman med dei andre dokumenta som er aktuelle til kunngjering av oppstart planarbeid. Aktuelle høyringsinstansar skal veljast frå kommunen sin høyringsliste som ligg

vedlagd. Kommunen ved eining for plan og forvaltning, og eining for teknisk drift skal alltid varslast via [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no).

## 8.2 Dialog

Planavdelinga ønskjer ein god og konstruktiv dialog før planframlegget vert levert til 1. handsaming. Utover kontakt per telefon og e-post, er det tilrådd å gjennomføre minst eitt arbeidsmøte. Dette bør gjennomførast etter høyringsfrist for varsel om planoppstart. Materiale for gjennomgang i møte bør leverast minimum 1 veke før møte.

## 8.3 Eventuelt nytt oppstartsmøte

Dersom oppstart av planarbeid ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 mnd etter oppstartsmøtet vart gjennomført, vert saka avslutta og nytt oppstartsmøte må haldast før kunngjering av oppstart. Tilsvarande gjeld der komplett planframlegg ikkje er motteke innan 1 år etter oppstartsmøte vart gjennomført. Det blir i så fall kravd nytt gebyr for oppstartsmøte.

## 9 GEBYR

Vi viser til Sogndal kommune sitt gebyrregulativ vedteke sak xx/xx 2020.. Lenke til gebyrregulativ.

Førebels utrekning på kva planarbeidet vil koste ut frå avklart planavgrensing og innhald i planframlegget:

Avtalte fritak frå gebyr:

Faktura for handsamingsgebyr sendast til framleggsstillar, namn og adresse:.....

## 10 KRAVSPESIFIKASJON

Det er ein føresetnad for kommunen sitt arbeid med både utlegging av planframlegg til offentleg ettersyn, og påfølgjande handsaming med oversending av planframlegget til politisk handsaming, at planframlegget er komplett i medhald av vår kravspesifikasjon, jf. vedlegg.

## 11 FAGKYNDIG PLANKONSULENT

Det er ein føresetnad at plankonsulenten har tilstrekkelege kunnskapar om plansystemet og prosessane, og kunnskap om framstilling og verknadar av plankart, føresegn og planomtale.

## 12 PLANDOKUMENT TIL 1. HANDSAMING

Førebels er det vurdert at følgjande dokument skal inngå i leveranse for komplett planframlegg til 1. handsaming:

Plankart
Føresegn
Planomtale
Merknadsskjema og –kart
Illustrasjonsplan
Snitt og oppriss
Fotomontasje, perspektiv
Sol- og skuggeillustrasjonar
Lengde- og tverrprofilar veg
ROS-analyse
VA-plan
<del>Kulturminneundersøkingar</del>
Støyrapport (ref. punkt 3.1)
Trafikkanalyse(ref. punkt 3.1)
<del>Naturmangfaldrapport</del>
<del>Handelsanalyse</del>
Gebyrgrunnlag i skjema

### Vedlegg:

Kart over VA-leidningar  
Liste over høyringspartar  
Kravspesifikasjon  
Mal planomtale  
Mal føresegn  
Mal merknadsskjema